



Statens vegvesen

Vinje kommune
Vinjevegen 192

3890 Vinje

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Carl Henrik Bjørseth / 40603339

Vår referanse:
21/75451-7

Dykkar referanse:
2022/125-88

Vår dato:
06.03.2026

Framlegg til reguleringsplan for Storrlineset del 2 – gnr. 99 bnr. 3 i Vågslid – planID 20210002 – Vinje kommune – Høring og offentlig ettersyn

Vi viser til høringa datert 12.01.2026 med forslag til detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2 i Vinje kommune.

Saken gjeld

Planframlegget legg til rette for utviding av det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset med tilhøyrande infrastruktur, grønstruktur og fellesareal. Planforslaget legg opp til ei auke med nye 65 tomter frå dagens 51 eksisterande.

Statens vegvesen uttalte til oppstart at ein føreset at tilkomsten til området skjer om eksisterande og godkjend avkøyrsløse frå E134 aust for planområdet. Uttala vart gitt for fem år sidan, tilbake i mai 2021.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FN sine berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfylging av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Vår rolle i denne saka er som forvaltar av riksveg og som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik.

Våre merknadar til planforslaget

Det har gått fem år sidan vi uttalte oss til planoppstart og både gjeldande reguleringsplanar og KDP for Vågslid blei vedteken for nokre år tilbake. Utviklinga av Vågsliområdet har også gått over lengre tid, og vegnormalane har også gjennomgått revisjonar i løpet av alle desse åra. Vi ser difor eit behov for å sjå på trafikkforholda med nye auge.

I følgje vegnormalane skal avkøyrsløse med ÅDT over 50 skal ha utforming som eit kryss. Frå trafikkdata i planomtalen ser vi at dette kravet må liggja til grunn for avkøyrsla frå E134 allereie før ei utbygginga av planområdet, da det allereie i dag estimerast at hytteområdet genererer 153 bilar i døgnet. Planforslaget vil i tillegg generere 207 nye turar i døgnet.

Planomtalen vurderer at trafikken varierer med årstid og ferier mm. Vi viser til at vi i vårt innspel med motsegn til planane for Haukelifjell skisenter 19.05.2020 (vår ref. 20/68135-3, dykkar ref. 3/2020/891) la til grunn at trafikken er betrakteleg høgare i helgane enn i resten av veka og at dette derfor måtte ligge til grunn for de vurderingane som ble gjort omkring utforminga av krysset. Denne vurderingane må også leggjast til grunn for andre kryss i området.

For Storrlineset ser vi difor eit behov for at det blir gjort ei nærmare utgreiing av trafikkforholda i krysset med E134 og at det blir vurdert i forhold til dei gjeldande vegnormalane, og om det er behov for avbøtande tiltak spesielt med tanke på trafikktryggleik. Vi ber om at ei slik utgreiing blir tatt inn i planomtalen. Vi ber også om at det på bakgrunn av ei slik utgreiing vurderast om det i denne planen er behov for å stille rekkjefølgjekrav til gjennomføring av avbøtande tiltak i krysset.

Eksempel på konkrete forhold som må vurderast er kanalisering i sidearm og venstresvingefelt/passeringslomme på hovudvegen. (Opplistinga er ikkje uttømmande). Vi er også uroa over skiløypa på tvers av sidearmen som vi opplever at kan komme brått på trafikk som svingar av frå E134 og meiner at dette krev ei nærmare vurdering, sjølv om skiløypa kan sjå ut til å vera plassert i tråd med reguleringsplan frå 2008.

Med helsing

Espen Tønning
seksjonsleiar

Carl Henrik Bjørseth
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMAR FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN